



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd torsdag 22.01.26 kl.19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Kjersti J. Søreide, Sissel Sørebo, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.
Ingunn Østerbø på telefon.

Til opning las Inger C. frå Markus kap.10 om Bartimeus – dagens bibelord frå Bibelselskapet.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

01/26 Fellestrådet har ikkje hatt møte enno.

02/26 Ann I. las opp nokre tal i årsstatistikk for DNK 2025.

03/26 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- Lysmesse i Bjordal 7. desember –41 personar
- Julekonsert i Ortnevik 14. desember – ca 63 personar.
- Julaftan - gudsteneste i Ortnevik 42 og i Bjordal ca 58 personar. Anders Brekke spela i begge kyrkjene.
- Gudsteneste m/ dåp i Bjordal 18. januar – 36 personar. Sissel var kyrkjevert.
- Song på Bygdetunet med om lag 18 personar kvar gong.
- Andakt på Bygdetunet
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

04/26 Camilla med hjelp frå Ole tek ansvar for kasserarjobben vidare.

Sakliste

Sak 01/26 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 6. november.

Vedtak: Møteprotokoll frå 6. nov. vart godkjent.

Sak 02/26 Rekneskap for 2025

Kjersti og Joar har revidert rekneskapen og funne den i orden. Camilla la fram nokre av tala.

Det vart eit overskot på 3800,-

Vedtak: Soknerådet godkjenner rekneskapen for soknerådet.

Sak 03/26 Årsmelding for 2025.

Nokre merknader til årsmeldinga som blir oppdatert av Ann I.

Vedtak: Årsmeldinga blir godkjent med desse endringane :

- Godkjent trusopplæringsplan og glasplater til kyrkjene blir tatt ut.
- Inger C. har 20% stilling med trusopplæring i kommunen.
- Takk til organistane.

Sak 04/26 Diakoniplan for 2026.

Vedtak: Soknerådet startar opp brettspel i Gamlebanken i Bjordal, ein gong i månaden i vinterhalvåret, der Sissel og Dagny har ansvaret. Sissel tek kontakt med pensjonistlaget om mulig samarbeid, og kunnjer det på plakat og nett.

Ann I oppdaterer planen.

Framover vil eit nytt opplegg/ verktøy kalla kyrkja vår bli teken i bruk, som er ein samla plan for arbeidet i soknet, og set alt i ein samanheng.

Sak 05/26 Stoff til neste Helgestunder (påskenummeret).

Vedtak: Bilde frå julekonsert, brettspel og karnevalsgudsteneste. Intervju med Erling Bjordal (Inger C.)

Info om dugnad på kyrkjegardane. Og stykke om krossen som oppstandelses symbol.

Sak 06/26 Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 22. - 24. mars.

Vedtak: Sissel bestiller materiell, lagar klar bøsser og ruteforslag. Terje tek imot bøssene, får ein person til å hjelpe å telle opp og set pengane i banken.

Sak 07/26 Gudstenester og arrangement framover.

- Kyrkjevert og kyrkjekaffi
- Karnevalgudsteneste i Ortnevik 8. februar kl. 15 – Camilla og Inger C. planlegg. Konfirmantane blir med. Det blir utdeling av bøker til born, og samling i grendahuset etterpå.
 - Gudsteneste Bjordal 15. februar kl. 16.- Kjersti tek ansvar for å spørje ein person til å vere kyrkjevert.
 - Gudsteneste Bjordal 15. mars kl. 11– årsmøte – konfirmantane har ansvar.
 - Påskesamling i Ortnevik 2. april kl.16 – samarbeid med grendelaget og bibliotek
 - Gudsteneste i Bjordal 5. april kl.16 - Terje skaffar nokon til å vere kyrkjevert.
 - Enkel gudsteneste på Åsenutsikta 26. april kl. 16. – Kjersti tek kontakt med 4H om samarbeid. Soknerådet betaler 800 ,- for hjelp med mat / natursti.
 - 10. mai kl. 11 (konfirmasjon)
 - 17. mai Bjordal kl . 11 og i Ortnevik kl. 13
 - 14. juni i Bjordal
 - 12. juli i Bjordal
 - 29. juli Sande

Sak 08/26 Ny alterduk til Ortnevik kyrkje.

Vedtak: Til neste møte undersøker Ingunn og Ann I. muligheit for å bestille ein ny alterduk.

Sak 09/26 Tiltak soknerådet vil gjennomføre i det nye året.

- Vedtak :** - Brettspel i Gamlebanken i Bjordal.
- Konsert til hausten.
 - Samarbeid om ei økumenisk gudsteneste og forsangarar i gudstenestene hadde vore fint.
 - Soknerådet er positiv til at Geir Sørebo er guide i Ortnevik (stavkyrkja - Bønnes Hus – kyrkja - kveiteoppdrettet - butikken/ fjorden) 3 torsdagar ; 6. 13. og 20. august frå kl. 11-14. Geir får fullmakt frå soknerådet om opplegg og pris.

Sak 10/26 Dugnad på kyrkjegardane.

Vedtak: Dugnad på kyrkjegardane i Bjordal og Ortnevik blir 22. april.

Sak 11/26 Møteplan vidare

Vedtak: Neste møte vert torsdag 16. april kl. 19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Eventuelt**Sak 12/26 Konsert til hausten.**

Soknerådet er positiv til ein konsert i september, og ein prøver å samarbeide med lag og organisasjonar.

Vedtak: Terje tek saka med vidare i Sørsida utvikling . Camilla, Stig Jonny og Terje held kontakten.